

# JORDLEIGEAVTALE

## 1. Omfang av avtalen

\_\_\_\_\_ (etter dette kalla eigar) leiger til  
\_\_\_\_\_ (etter dette kalla leigar) følgjande  
areal på eigdommen \_\_\_\_\_ med gnr. \_\_\_\_\_ bnr. \_\_\_\_\_ i  
\_\_\_\_\_ kommune.

Arealstorleik	Utleigd	Ikkje med i avtalen
Fulldyrka jord	daa	daa
Overflatedyrka jord	daa	daa
Barskog	daa	daa
Lauvskog	daa	daa
Innmarksbeite	daa	daa
Anna areal	daa	daa
<b>Areal i alt</b>	<b>daa</b>	<b>daa</b>

Det leigde arealet skal drivast som tilleggsjord til eigedom med gnr. \_\_\_\_\_ bnr. \_\_\_\_\_ i  
\_\_\_\_\_ kommune.

Anna som avtalen omfattar: \_\_\_\_\_

Det er lagt ved kart der areala i leigeavtalen med vidare er teikna inn.

## 2. Kor lenge avtalen varer

Avtalen varer i \_\_\_\_\_ år, og gjeld frå \_\_\_\_\_ til \_\_\_\_\_

Avtalen er uoppseieleg frå eigar si side i leigeperioden, men kan hevast ved misleghald (sjå pkt. 6).

Leigaren kan seia opp avtalen med minst 1 års varsel.

Andre forhold kring oppseiing og fornying av avtalen: \_\_\_\_\_

### 3. Tilstanden på og bruken av areala

Leigaren overtek jord, gjerde og vegar i den stand som dei er når leigeavtalen tek til. Leiearealet skal nyttast til jordbruksføremål og drivast på jordbruksmessig forsvarleg måte.

Leigearealet skal brukast til: \_\_\_\_\_

Det er gjort særleg avtale om følgjande (til dømes rett til å bruke eksisterande transport- og driftsvegar, vedlikehald av gjerder og vegar, investeringar på leigearealet, drenering, nydyrking, fornying/oppreinsking av eksisterande grøfter og kanalar):

\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

### 4. Leigeavgift

Leigeavgifta er kr \_\_\_\_\_ pr. daa pr. år. Den forfell til betaling første gong den \_\_\_\_\_ 20\_\_\_\_\_ og i dei neste åra til same dato. Etter krav frå ein av partane kan leiga regulerast kvart 5. år etter konsumprisindeksen. Eigaren kan ikkje krevje leiga auka på grunn av betringar som er utført eller kosta av leigaren.

### 5. Eigar/brukarskifte

Dersom eigaren dør eller sel eigedommen, går den nye eigaren inn i avtalen med dei same rettane og pliktene som tidlegare eigar. Ved eigarskifte på eigedommen til leigar skal den nye eigaren ha rett til å gå inn i denne avtalen på same vilkår.

### 6. Misleghald

Vesentleg misleghald av reglane i denne avtalen gir partane rett til å krevje leigeforholdet heva. Som vesentleg misleghald reknast til dømes at leigeavgift ikkje er betalt 6 månader etter fristen, bruk av areal til anna føremål enn landbruk eller at jorda vanhevdast.

### 7. Tvist om avtalen

Dei tvistane som ikkje kan avgjerast ved skjønn, vert avgjort av dei allmenne domstolane.

### 8. Tinglysing

Avtalen kan tinglysast. Leigar ber tinglysingskostnadane.

### 9. Anna

Partane tek vare på kvart sitt eksemplar av denne avtalen. Eit tredje eksemplar, eventuelt ein kopi, sendast til kommunen.

\_\_\_\_\_ den \_\_\_\_\_ 20\_\_\_\_      \_\_\_\_\_ den \_\_\_\_\_ 20\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
Eigar/utleigar

\_\_\_\_\_  
Leigar

\_\_\_\_\_  
Ektefelle/medeigar